



Løtendialekta gjennom tre generasjonar

Eline Bjørke

I arbeid med masteravhandlinga mi (Bjørke, 2017), intervjuja eg seks personar frå tre generasjonar i to familiar busett i Løten for å undersøke språklege endringar, og bakgrunnen for desse. No vil eg bruke datamaterialet frå dette arbeidet til å seie noko om statusen til løtendialekta: Kven av informantane har opplevd at løtendialekta har hatt høg eller låg status, kva tid, og i kva omstende? Studien er ein variasjonslingvistisk studie med røter i laboviansk tradisjon. Eg bruker modellen til Auer og Hinskens (1996) der dei skildrar eit språkleg statushierarki som plasserer tradisjonelle dialekter på botn og ein nasjonal standardvarietet på toppen. I tillegg nyttar eg meg av Bourdieus (1991) konsept om lingvistiske marknader, som inneber at alle språklege interaksjonar får ulik verdi i ulike kontekstar.

Eg hadde kvalitative intervju med informantane for å få eit datamateriale med dobbel informasjonsverdi (Hårstad, Lohndal og Mæhlum, 2017: 165): Eg ønskte å bruke datamaterialet til å seie noko om språkleg variasjon mellom informantane, og for å kunne undersøke bakgrunnen for denne variasjonen. Eg gjorde eit strategisk utval av seks informantar, som eg meinte kunne syne fram karakteristiske trekk i språksamfunnet. Eg brukte Labovs hypotese om «apparent-time» (Labov, 1963), og gjorde synkrone undersøkingar av informantar i ulike generasjonar, for å forsøke å seie noko om endringstendensar.

I intervjuja kjem det fram at dei to informantane i den eldste generasjonen har opplevd at løtendialekta har hatt låg status utanfor Løten, til dømes måtte den eine av dei leggje om til standardtalemål då han arbeidde i Oslo. Dei ser likevel på ein særst tradisjonell og arkaisk variant av løtendialekta som meir høgverdig enn måten dei sjølv pratar på. Både informantane i den nest eldste generasjonen fortel at dei berre har fått positive attendemeldingar på dialektbruk, både i og utanfor Løten, og dei ser på det som naturleg å bruke tradisjonell løtendialekt i alle samanhengar. Alle dei fire eldste informantane snakkar tradisjonell løtendialekt i intervjuja mine. Dei to yngste informantane, og den eine meir enn den andre, bruker derimot språklege trekk som fell saman med standardtalemålet. Dei fortel at dei opplever seg som representative dialektbrukarar for løtensokningar på deira alder, og at viss folk på deira alder skulle kome til å bruke ord som assosierast med tradisjonell løtendialekt, så vil det vere meint som humor. I datamaterialet mitt kjem det fram at informantane i dei tre generasjonane har ulike erfaringar knytt til kva status løtendialekta har i ulike omstende, men at dei som representerer same generasjon jamt over er samstemte.